



Skulen er like fin att etter innsats av elevane og foreldra. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**No er skulen i Uskedalen like fin att etter den stygge tilgrisinga og nedtagginga som 4 av elevane gjorde seg skuldige i fredag i førre veka.**

- Saka er ute av verda, seier rektor Vidar Haugland.

Elevane og foreldra deira jobba intenst i fleire dagar både inn- og utvendig og vart ferdige denne fredagen.

Tilsaman gjorde dei ein innsats i rundt 2 arbeidsdagar.

Det måtte til for å gjera skulen like fin som han var før tilgrisinga.

- No er han heilt flott att, seier rektor, som er glad for at både elevar og foreldrar tok ansvar.